

## BOKN KONTROLLUTVAL

### PROTOKOLL

Onsdag **22. mai 2019** blei det halde møte i Bokn kontrollutval under leiing av leiar Lars Øyvind Alvestad.

**MØTESTAD:**

Boknatun, møterom 1. etasje

**MØTESTART/-SLUTT:**

kl. 17.00 – kl. 18.15

**MØTANDE MEDLEMMER:**

Lars Øyvind Alvestad (Ap) og Jørn Hansen (Uavh.)

**FORFALL:**

Dagrun Grønnestad (Sp)

**MØTANDE VARAMEDLEM:**

Johannes Nilssen (Sp)

**FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:**

Dagleg leiар/utvalssekretær Toril Hallsjø, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS

**FRÅ REVISJONEN:**

Revisor/partnar Else Holst-Larsen, Deloitte AS t.o.m. sak 9/19  
Forvaltningsrevisor Kari Gåsemyr, Deloitte AS pr. tlf. i sak 7/19

**ANDRE SOM MØTTE**

Ordførar Tormod Våga (Sp)

**FRÅ ADMINISTRASJONEN MØTTE:**

Rådmann Jan Erik Nygaard  
Kommunalsjef Ingrid Sofie Rundhaug i sak 7/19

**MERKNADER TIL INNKALLING:**

Saksdokumenta var ikkje lagt i Dropbox.

**MERKNADER TIL SAKSLISTE:**

Ingen

### FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

#### **SAK 6/19 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTET 18.03.19**

**Sekretariatet si innstilling:**

Protokoll frå møtet i kontrollutvalet 18.03.19 blir godkjent slik den ligg føre.

**Handsaming i kontrollutvalet 22.05.19:**

Utvalet hadde ingen merknader til protokollen.

**Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 22.05.19:**

*Protokoll frå møtet i kontrollutvalet 18.03.19 blir godkjent slik han ligg føre.*

**SAK 7/19     FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT – «RUS- OG PSYKIATRITENESTA»**

**Sekretariatet si innstilling:**

1. Bokn kommunestyre har merka seg det som kjem fram i Deloitte sin forvaltnings-revisjonsrapport «Rus- og psykiatritenesta i Bokn kommune» og tek denne til orientering.
2. Rapporten vert oversendt til rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine tilrådingar.
3. Rådmannen gir tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølginga av rapporten innan 9 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.

**Handsaming i kontrollutvalet 22.05.19:**

Forvaltningsrevisor Kari Gåsemyr blei ringt opp og deltok pr. tlf. under handsaminga. Ho viste til at dei under revisjonen hadde hatt fokus på system og rutinar. Dei hadde funne at det skortar med planar og skrivne rutinar. Dette for sikre omforeint praksis. Det vert også peika på manglande informasjon om tenesta på kommunens nettsider. Når det gjaldt brukarmedverknad i kap. 5, hadde ein tilråding falt ut. Denne ville normalt blitt tatt med, og dei ville tatt inn følgjande formulering som pkt. 5: «*Sikrar at brukarerfaringar blir innhenta og nyttta i arbeidet med evaluering og utvikling og tenestene.*»

Ho bad utvalet vurdere om punktet skulle vere med gjennom at utvalet tok inn tilleggstilrådinga i innstillinga til kommunestyret.

Utvalet var samd i å ta inn punktet som pkt. 5 i tilrådinga til kommunestyret ved å ta alle tilrådingane inn i innstillinga pkt 1.

Rådmannen viste til sin uttale om at han oppfatta tiltaka, som revisjonen har utarbeidd, som fornuftige.

Utvalet støtte innstillinga når det gjaldt frist for tilbakemelding. Elles ingen merknader.

**Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 22.05.19 og innstilling til kommunestyret:**

1. *Bokn kommunestyre har merka seg det som kjem fram i Deloitte sin forvaltnings-revisjonsrapport «Rus- og psykiatritenesta i Bokn kommune» og tek denne til orientering.*

*Tilrådingane frå revisjonen og kontrollutvalet er at Bokn kommune:*

1. - *Sikrar at planar og målsettingar innanfor rus- og psykiatriområdet er oppdaterte,*
2. - *Vurderer å etablere rutinar som omhandlar:*
  - a. *kva kommunale einingar det kan vere aktuelt å involvere og når i høve til brukarar av rus- og psykiatritenestene,*
  - b. *korleis samhandling med fastlegar skal gjennomførast,*

3. - *Ferdigstiller rutinar for buoppfølging til personar med psykiske vanskar og/eller rusavhengige,*
  4. - *Sikrar informasjon på kommunen sine nettsider om:*

    - a. kommunen sitt tilbod til personar med rusutfordringar,*
    - b. pakkeforløp for helse og rus,*
  5. - *Sikrar at brukarerfaringar blir innhenta og nytta i arbeidet med evaluering og utvikling av tenestene.*
2. *Rapporten vert oversendt til rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine tilrådingar.*
  3. *Rådmannen gir tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølginga av rapporten innan 9 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.*

## **SAK 8/19 ÅRSREKNESKAPEN 2018 FOR BOKN KOMMUNE – KONTROLL-UTVALET SIN UTTALE**

### **Sekretariatet si innstilling:**

1. Bokn kontrollutval vedtek uttale til kommunerekneskapen for 2018 slik den ligg føre / med desse endringane:
2. Kontrollutvalet ber rådmannen gje ei skriftleg tilbakemelding til utvalet innan 1. september på korleis merknadane i revisjonsrapporten er følgt opp.

### **Handsaming i kontrollutvalet 22.05.19:**

Rådmannen orienterte. Han omtalte resultatet som utrolig godt med eit netto driftsresultat som visar 8,4 % og eit rekneskapsmessig overskot på 8,1 mill. kr. Desse midlane vil han tilrå bli sett på disposisjonsfond. Hovudgrunnen til det gode resultatet var midlar frå havbruksfondet på 6. mill.kr og nokre andre ekstramidlar. Utan desse ville resultatet vore 1,3 %. Målet er å redusere utgiftene, då inntektsgrunnlaget kan bli endra i åra framover. Kommunen har høg lånegjeld, men mykje av avdraga blir dekka med inntekter frå Rogfast og omsorgsbustadene.

Disposisjonsfondet er no på 19,3 mill. kr og kan auke til 27,4 mill. Økonomien har vore stram i mange år og rådmannen har heldt igjen. Det har vore krevjande for dei tilsette, men no har kommunestyret opna for å lyse ut ein ny stilling i rådmannens stab.

Utvalet hadde spørsmål om eit nytt tiltak innan helse/omsorg. Rådmannen opplyste at oppstart i fjar blei utsett, så hadde ikkje heilårsverknad. Kommunen har søkt om skjønnsmidlar og kostnadene er ikkje blitt så store som dei fyrst fekk signal om. Når det gjaldt folketal var han også optimistisk med bakgrunn i siste tal frå SSB. Det er også sendt inn fleire søknader om bygging av nye bustader. Dette var ein gledeleg utvikling og gjorde at han hadde tru på Bokn.

Revisor opplyste at det var levert rein melding. I revisjonsrapport var det igjen tatt inn om manglar i anleggsregisteret, avvik mellom rekneskap og budsjett i investeringsrekneskapen og manglande budsjettreguleringar.

Utalet var samd i innstillinga om i år ikkje å setje frist for tilbakemelding. Råmannen minna revisor på at ho hadde lova hjelpe til med anleggsregisteret. Utalet slutta seg til uttalen.

### **Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 22.05.19 og innstilling til kommunestyret:**

*Bokn kontrollutval vedtek uttale til kommunerekneskapen for 2018 slik den ligg føre:*

*«Bokn kommune sitt årsrekneskap for 2018 er gjort opp med eit rekneskapsmessig mindreforbruk/overskot på kr 8.128.488.*

*Kontrollutvalet har merka seg at årsrekneskapen viser eit positivt netto driftsresultat med 8,9 mill. kr, som utgjer 8,4 % av driftsinntektene. Det er godt over teknisk berekningsutval sin tilrådde resultatmargin på 1,75%.*

*Under tilvising til utvalet sin eigen gjennomgang av dokumenta og revisjonsmeldinga for 2018 meiner kontrollutvalet at årsrekneskapen for 2018 totalt sett gjer eit forsvarleg uttrykk for resultatet av kommunen si verksemd for 2018 og for kommunen si økonomiske stode pr. 31.12.18.*

*Ut over ovannemnde har ikkje kontrollutvalet merknader til Bokn kommune sitt årsrekneskap for 2018.»*

### **SAK 9/19 OPPFØLGING AV FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT – «PLAN; BYGGESAK OG EIGEDOM»**

#### **Sekretariatet si innstilling:**

Bokn kommunestyre tar rådmannen si tilbakemelding om oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport «Plan, byggesak og eigedom i Bokn kommune» og evaluering av avtale mellom Karmøy og Bokn om handsaming av bygge-, dele- og plansaker til orientering.

#### **Handsaming i kontrollutvalet 22.05.18:**

Råmannen meinte det var sett kort tid for evaluering med 1,5 år, men her var hans tilbakemelding. Karmøy hadde ikkje evaluert avtalen ennå. Det var heldt møte med tillitsvalde frå kommunane. Dei tilsette var godt fornøyd og det hadde vore små problem. Sakshandsamarane følgjer lov og reglar og handsamar alle likt. Alle vedtak med negativ innstilling vert lagt fram for politisk handsaming. Alle administrative vedtak som meldingssaker. I byggesaker- og plansaker er det nå profesjonelle parter på både sider.

I dag betalar kommunen tilsvarande 0,6 årsverk. Kommunen har med dette valt å bruke ressursar på andre tenester. Råmannen meinte at ein ny forvaltningsrevisjon innan dette tema kunne vere interessant om nokre år.

Ordførar framheva at dersom nokon no ikkje var fornøgde, skyldast det som regel manglar i søknaden, ikkje i sakshandsaminga.

Utalet viste til at det må bli nytt kontrollutval som skal velje nye prosjekt i neste periode . Utalet hadde elles ingen merknader.

**Samråystes vedtak i kontrollutvalet 22.05.18 og innstilling til kommunestyret:**

*Bokn kommunestyre tar rådmannen si tilbakemelding om oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport «Plan, byggesak og eideom i Bokn kommune» og evaluering av avtale mellom Karmøy og Bokn om handsaming av bygge-, dele- og plansaker til orientering.*

**SAK 10 /19 REVISJONSAVTALEN – BRUK AV OPSJON ELLER NYTT ANBOD I ÅR**

**Sekretariatet si innstilling:**

Bokn kommunestyre vedtar å nytte seg av retten til å forlenge avtalen med 1 år med revisjonsselskapet Deloitte AS om levering av revisionsteneste til Bokn kommune fram til 30.06.21.

Bokn kommunestyre gjer kontrollutvalet fullmakt til å utforme konkurransegrunnlaget og førebu sak om innkjøp av revisionstenester i 2020 med verknad frå 01.07.21.

**Handsaming i kontrollutvalet 22.05.19:**

Oppdragsansvarlig revisor Else Holst-Larsen var ikkje til stades under handsaminga. Dagleg leiar/sekretær orienterte om bakgrunn og innstilling. Rådmannen uttrykte at dei var godt fornøyd med dagens revisjonselskap. Utvalet sluttar seg til innstillinga, då dei forstod sekretariatet si trond for samordning.

**Samråystes vedtak i kontrollutvalet 22.05.19 og innstilling til kommunestyret:**

*Bokn kommunestyre vedtar å nytte seg av retten til å forlenge avtalen med 1 år med revisjonsselskapet Deloitte AS om levering av revisionsteneste til Bokn kommune fram til 30.06.21.*

*Bokn kommunestyre gjer kontrollutvalet fullmakt til å utforme konkurransegrunnlaget og førebu sak om innkjøp av revisionstenester i 2020 med verknad frå 01.07.21.*

**SAK 11/19 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 22.05.19**

15. Statusrapport pr. mai 2019
16. Kommunestyrevedtak 14.05.19, sak 16/19 – suppleringsval –kontrollutvalet 2015-2019
17. KSTvedtak 14.05.19, sak 17/19 –Forvaltn. revisjonsrapport»Sjukefråver i skule og bhg»
18. Protokoll frå representantskapsmøte 10.04.04.19 – IKA Rogaland IKS
19. Protokoll frå representantskapsmøte 26.04.19 – Haugaland Brann og redning IKS
20. Protokoll frå representantskapsmøte 30.04.19 – Haugaland Vekst IKS
21. Innkalling til representantskapsmøte 06.05.19 - Hgl Kontrollutvalssekretariat IKS
22. Innkalling til representantskapsmøte 22.05.19 – HIM IKS
23. Innkalling til generalforsamling 11.06.19 - Haugaland Kraft AS
24. Innkalling til generalforsamling 11.06.19 - Haugaland Næringspark AS
25. Kommunal rapport 14.03.19 – «Synlige kontrollutvalg kan oppnå mer»

**Handsaming i kontrollutvalet 22.05.19:**

Sekretær gjorde greie referatsakene. Utvalet hadde ingen spesielle merknader.

**Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 22.05.19:**

*Referatsakene 15 - 25 blir tatt til orientering.*

**Eventuelt**

Ingen saker blei meldt eller tatt opp.

Neste møte

Etter møteplan er dato sett til onsdag 18. september. Utvalsleiar informerte at han var kalla inn til HV-øving den dagen og dei neste dagane. Sekretariatet vil vurdere ny dato 16.09.19.

Saker: oppfølging av selskapskontroll av Karmsund Havn IKS, revisor si eigenerklæring, budsjett for 2019 og evaluering av utvalet og sekretariat sitt arbeid i denne perioden.

Bokn, 22. mai 2019

Lars Øyvind Alvestad  
leiar (sign.)

Toril Hallsjø  
utvalssekretær (sign.)